



Stor suksess på Dønhaug for fem frå Stord og ein frå Sveio! Frontfigur Vatle er nummer tre frå venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fem karar frå Stord og ein frå Sveio utløyste songlege og musikalske stormkast og frisk sjøsprøyt for og med rundt 60 framsmøtte på Dønhaug fredag kveld. Og det sjølv om garden ligg 40 meter over havet. Storm Weather Shanty Choir viste til fulle kvifor dei vart belønna med terningkast fem i BT for den siste og fjorde plata si no i vår. Karane er verkeleg flinke.

Uskedalingane har truleg aldri før vore så lette å lokka med til å syngja, men æra for det skal frontfigur Håkon Vatle ha. Som allsangleiar er han eit pedagogisk supertalent. Han hadde Dønhaug-koret i si makt fredag kveld! Men det stoppar slett ikkje der. Det er tydeleg at shanti-koret framfor alt er Vatle sitt prosjekt. Han hadde da også ein uvanleg solid bakgrunn for dette nybrottsarbeidet på artistarenaen då han starta koret i 2002. Han hadde vore ansatt på Statsraad Lehmkühl gjennom ni år!

Her vart han skikkeleg inspirert av den eldgamle shanti-tradisjonen, men utvikla han vidare - av alle stader - ved Høgskulen i Hedmark!

Vatle hevdar at dei første rockarane eigentleg var sjømenn fordi dei sto og brølte på dekk då dei jobba. Ein shanti skal da også vera taktfast, fengande og motiverandre å arbeida til. Det fekk vi skikkeleg demonstrert i Dønhaugkjedlaren.

Men repertoaret til shanti-koret frå Stord spenner langt vidare musikalsk sett. Det inneheld også mange meir stillferdige, sprøde og vakre songar som særleg vart tolka fint og varleg av Vatle sjølv.

Eigentleg hadde Magne Huglen tenkt å la Storm Weather Shanty Choir opptre på låven. Men det er ikkje tvil om at koret fungerte langt betre i kjedlaren der dei spela akustisk og hadde ein utruleg tett og intim kontakt med publikum - eller mannskapet som Vatle kalla dei. Atmosfæren var stutt sagt den heilt rette for ein shanti-gruppe og mange hapar at dei kjem att.

Men det bør leggjast til at denne musikken eigentleg høver overalt, det vere seg på rockefestivalar, folkemusikkfestivalar, bygdefester eller bryggedansar.

Den har framtida for seg sjølv om dei historiske røter er lange.

Av Ola Matti Mathisen



Det var ikkje problematisk å få uskedelingane til å syngja med. (Foto: Ola Matti Mathisen)